

AUSTRHEIM ARBEIDARPARTI PROGRAM FOR 2019-2023



Arbeiderpartiet.no

FRAMTIDAS LOKALSAMFUNN

Kunnskapsbaserte – kunnskapsrike - kunnskapssøkande



Nærmiljøet og lokalsamfunna er rammene for liva våre. Arbeiderpartiet trur på sterke fellesskapsløysningar. Det gir større tryggleik og fleire moglegheiter for den enkelte. I Norge organiserer vi fellesskapet i kommunar og fylkeskommunar. Vårt mål er at norske kommunar skal vere sterke og solidariske fellesskap som gir fridom og tryggleik for den enkelte.

Kommunen og fylkeskommunen har fire viktige roller:

-  **Dei er grunnmuren i velferdssamfunnet, med ansvar for skule, helse, eldremomsorg og andre viktige velferdsoppgåver**
-  **Dei er demokratiske arenaer for innbyggjarane, der ein kan få innverknad på samfunnsutviklinga**
-  **Dei skal utøva myndigheit**
-  **Dei er sentrale utviklingsaktørar, med ansvar for arealplanlegging, bidrar til næringsutvikling og til å skape livskraftige regionar for busetnad- og arbeidsmarknad**

Klimaendringar, tilflytting og fråflytting, høgare levealder og ny teknologi påverkar kvardagen vår. Dette gjer at vi stiller nye krav til korleis kommunen og fylkeskommunen skal fungere. Kunnskap vil vere ein avgjerande føresetnad for utvikling av lokalsamfunna i framtida.

Austrheim Arbeiderparti sin politikk skal vera tufta på FN sine 17 berekraftsmål.

**ARBEIDARPARTIET SENTRALT HAR I DENNE PERIODEN
SETT SEG UT DESSE HOVUDSATSINGSOMRÅDA:**

 **ARBEID**

 **HELSE**

 **KLIMA**

 **KUNNSKAP**

**Arbeid til alle er jobb nummer ein.
Alle skal ha like moglegheiter til god helse.
Norge skal bli eit lågutsleppssamfunn.
Tidleg innsats for dei yngste. Kunnskapsløft for arbeidslivet.**

GODE GRUNNAR FOR Å VELJE AUSTRHEIM ARBEIDARPARTI VED VALET I 2019

Austrheim har vore gjennom ei krevjande omstilling etter krisa i olje- og gassnæringa i 2014. No har næringa lagt krisa bak seg og den er igjen prega av optimisme og framtidstru. Dette gjer seg utslag i auka aktivitet og utbygging i Mongstadområdet. Arbeiderpartiet ønskjer å vera ein pådrivar for denne utviklinga.

Krisa har vist oss at Austrheim-samfunnet i for stor grad er avhengig av olje- og gassnæringa. Austrheim Arbeiderparti vil jobba aktivt for at me i framtida skal få eit meir allsidig næringsliv i kommunen. Me vil ha fleire korteste arbeidsplassar.

For å sikra god styring og kontroll med politiske og administrative prosessar i kommunen, vil Austrheim Arbeiderparti at kommunen skal nytta Kommunebarometeret sine nøkkeltal på tvers av alle sektorane som måleparameter for drifta av kommunen. (Kostra).

SÆRLEGE SATSINGSOMRÅDE

Austrheim kommune skal vera ein god kommune å bu i. Eit prioritert område for Austrheim Arbeiderparti dei neste åra, er å sikra fleire og meir varierte arbeidsplassar i kommunen. Me vil leggja til rette for etablering av fleire bedrifter og næringar i kommunen. Samstundes vil me samarbeida med våre eksisterande bedrifter for å sikra utvikling og vekst i desse. Dette vil vera heilt i tråd med Arbeiderpartiet sitt Distriktsmanifest som seier at me særleg skal satsa på følgjande næringar: Industri, fiskeri og havbruk, landbruk, energi og fornybar kraft og reiseliv.

For oss er det særskilt viktig å utvikle eldremomsorga og styrke tilbodet til barn og unge. Det vert mange fleire eldre dei neste tiåra som vil ha trong for gode kommunale tenester. Dette vert ei stor utfordring for kommunen. Det må difor byggast fleire omsorgsbustadar og heimetenestene må utviklast.

Nordliheimen må rehabiliterast og byggast ut innan 2025.

Vidare må det byggjast ny barnehage på Kaland, og rehabiliteringa av Kaland barne og ungdomsskule må fullførast.

Austrheim Arbeidarparti vil i perioden gå inn for å samla ungdomstrinna i kommunen på ein av grunnskulane våre.

EIN TRYGG OG GOD KOMMUNE

Austrheim kommune har teke initiativ til eit prosjekt for å redusere risikoen for at utmarksbrannar skal true lokalsamfunnet vårt. Me har fått midlar til dette arbeidet av Fylkesmannen.

Me vil arbeide for å sikra kraftlinjer, vegar og telekommunikasjonsanlegg, slik at desse er operative sjølv i ekstreme vêrsituasjonar. Me vil rydda branngater i utmarka, slik at det vil vera mogeleg å slukke ein eventuell utmarksbrann før den når fram til bustadområder.

Me vil halda fram med samarbeidet med

Trygg Trafikk og fylkeskommunen i prosjektet «Trafikksikker kommune». I arbeidet med ny barnehage på Kaland vil me leggja stor vekt på trafikktryggleiken ved barnehagen og Kaland barne og ungdomsskule. Me vil nytta «Hjartesone-prinsippa» for å auka trafikktryggleiken ved våre skular og barnehagar.

Me vil sikre at det også i framtida skal vera ambulanse- og brannstasjon i kommunen og jobba saman med Vest politidistrikt for å sikra innbyggjarane gode polititenester.

Austrheim Arbeidarparti skal jobba aktivt for å få heva kvikksølvet frå U-864 ved Fedje.

SAMFERDSEL

Austrheim Arbeidarparti vil ha bussavgangar som gjer det mogeleg å pendle frå Austrheim til Knarvik på jobb, og avgangar som korresponderer med hurtigbåten vidare til Bergen. Vidare ønskjer me kvelds- og natttruter frå Bergen til Austrheim i helgane.



ARBEID OG NÆRING

MÅL OG TILTAK:

-  Austrheim kommune skal vere aktiv som utviklingsaktør og tilretteleggjar for nye arbeidsplassar.
-  I samarbeid med nabokommunane skal me arbeida for å vidareutvikle ein sterk næringsregion i sentrum av nye Vestland fylke. Fensfjord-området er i dag eit av dei mest interessante næringsområda i landet som kan utviklast til eit kraftsenter i det nye fylket.
-  Me vil jobba for å vidareutvikle og effektivisere rådgjevartenestene for etablerarar i regionen.
-  Me vil arbeida for næringsutvikling i kommunesenteret.
-  Me vil støtte utviklingsarbeidet i regi av Nordhordland Næringshage, som arbeider for eit meir differensiert arbeids- og næringsliv, med fokus på reiseliv og opplevingar.
-  Me vil støtte landbruket for å ta vare på kulturlandskapet, og sikre gode føresetnader for dei som driv med husdyrhald på heil- eller deltid.

NÆRINGSAREAL

MÅL OG TILTAK:

-  I kommande periode ønskjer me å vidareutvikle byggeklare næringsområder i Mongstad-området.
-  Me vil legge til rette for næringsarealutvikling i sentrumsområda.
-  Me vil arbeide for å utvikla sjøretta næringsareal.



TRYGG OPPVEKST

- ⑤ Austrheim skal vere ein trygg og god oppvekstarena for våre barn og ungdommar.
- ⑤ Austrheim kommune skal ha gode tiltak og handlingsplanar for å hindra mobbing og utanforskap. Det skal vera 0-toleranse for mobbing. Utanforskap skal møtast med tverrfagleg samarbeid.
- ⑤ Austrheim kommune skal ved hjelp av ei klar definert skule- og barnehageei- garrolle vera ein aktiv pådrivar for å få skapa gode lærings- og leikemiljø i skulane og barnehagane. Arbeid og resultat skal kontinuerleg følgjast opp og evaluerast av skule- og barne- hageigar.
- ⑤ Barnehagane, skulane og SFO skal gjevast gode driftsvilkår.
- ⑤ Skulebygningane skal vedlikehaldas slik at dei tilfredsstillar dagens standardar og krav.
- ⑤ Innsatsen i tidlege barneår i barne- hage og skule skal styrkast.
- ⑤ Det fagleg samarbeidet mellom Austrheim vidaregåande skule og grunnskulane i kommunen skal utviklast.
- ⑤ Gjennom eigne tiltak og i samarbeid med fylkeskommunen skal trafikktryg- gleiken i kommunen betrast.



- ⑤ Me skal sikre drift av symjebassenget på Kaland, og styrke symjeopplæringa i skulane.
- ⑤ Me vil i perioden planleggja eit 25 meters basseng.
- ⑤ Me vil legge til rette for å gje barn og unge gode kulturopplevingar i barnehage og skule.



POSITIV FRITID

MÅL OG TILTAK:

- ⑤ Me vil samarbeide aktivt med alle lag og organisasjonar i kommunen og støtta dei ulike fritidstilboda som finns i kommunen i dag.
- ⑤ Me skal halde fram med å vedlikehal- de og utvikle turstiane og friluftsom- råda i kommunen.
- ⑤ Me vil realisere badeplassen på Ulvøy i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd.
- ⑤ I samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd vil me utvikla friluftsområ- det på Øksnes.
- ⑤ Saman med Rongevær Båtlag og nausteigarane vil me ferdigstillast naust- og kaiområdet på Baløy.
- ⑤ Me vil saman med Neptun Seniorklubb sjå til at anlegget på Selsøy vert teke vare på og vidareutvikla.
- ⑤ I samarbeid med fylkeskommunen og andre aktørar vil me starte arbeidet med å oppgradere steinalderstien ved Fosenstraumen.
- ⑤ Me vil støtte arbeidet med å utvikle og marknadsføre kommunen som havsportskommune.

FYLKESKOMMUNALE TENESTER

MÅL OG TILTAK:

- Me vil arbeide for å oppretthalde og utvikle dei fylkeskommunale tenestene me har i kommunen.
- Det har vore tverrpolitisk einigheit i Austrheim om at den vidaregåande skulen må oppretthaldast. Austrheim Arbeidarparti vil halde fram dette tverrpolitiske arbeidet. Me vil jobbe for at den nye vidaregåande skulen også skal innehalde ein fylkeskommunal tannklinikk og eit Newton-rom.
- Me skal arbeide for å betra skule-skyssen frå nabokommunane til Austrheim vidaregåande skule slik at skulen får eit betre søkjargrunnlag.
- Me vil arbeide for at skule- og skyss-tilbodet til ungdomane i Gulen og Solund skal oppretthaldast og forbetrast.
- Me vil arbeide for eit tettare samarbeid mellom skulane i kommunen og næringslivet for å auke talet på læreplassar og redusere fråfallet i vidaregåande skule.
- Me skal vera pådrivarar for at vegen over Radøy skal verta utbetra.
- Me vil jobba for ny bru over Alverstraumen med to kjørefelt.
- Me skal arbeida for å få tilbake distriktstannklinikken i Austrheim.



BUSTADOMRÅDE

MÅL OG TILTAK:

- Heianefeltet - Åræsfeltet - Kystlandsbyen - Mastrevik - Fønnesstraumen – Vardetangen - nordre Fønnesvågen – Fønnes og Kaland skal vere hovudområda for bustadbygging i perioden.
- I arealplanen er det teke høgde for at ei viss bustadbygging i kvar bygd, med fortetting av eksisterande busetnad, skal kunne tillatast.
- Me skal oppgradere leidningsnett og sikre vassstilførselen.
- Me skal oppgradere avløpsnett og byggje renseanlegg.
- Me vil legge til rette for etablering av bustader for unge og nyetablerte.
- Me vil legge til rette for fleire bustader for eldre i senternære område.
- Kommunen skal ha kort og ryddig sakshandsaming for byggesøknader.
- Det skal leggjast til rette for småbåthamner, naust og oppleggsplassar for småbåtar.
- Me vil arbeide for å realisere nye gangvegar langs hovudvegen i kommunen.

HELSE OG OMSORG

MÅL OG TILTAK:

- ⑥ Innbyggjarane skal føle tryggleik og oppleve at dei får dei helse- og omsorgstenestene dei treng gjennom heile livet.
- ⑥ Me vil styrke heimetenesta slik at fleire eldre kan bu heime så lenge som råd, også ved å legge til rette for omsorgsteknologi i heimane.
- ⑥ Me vil legge til rette for at eldre kan få hjelp til å mestre oppgåver i heimen gjennom kvar dags rehabilitering.
- ⑥ Det skal byggjast eldrebustader i Kalandområdet i perioden.
- ⑥ Psykiatrien og rusomsorga skal styrkjast og det skal vera fokus på tidleg innsats.
- ⑥ Det skal vera auka fokus på eit sunt kosthald og fysisk aktivitet i barnehagane og skulane.
- ⑥ Me skal arbeide for eit tettare samarbeid mellom Austrheim kommune og frivillige organisasjonar på område knytt til pleie, helse og førebyggjande tiltak.
- ⑥ For å møte framtida sine behov innan helse, vil me arbeide for eit eige helsesenter med kontor for lege og anna helsepersonell, fysioterapeut og lokale til ambulanse.
- ⑥ Me skal vere positiv til å utvikle helsesamarbeid i regionen for å kunna møte noverande og framtidige utfordringar, og realisere intensjonane i Samhandlingsreforma.



AUSTRHEIM – EIN FRAMTIDSRETTA KOMMUNE

MÅL OG TILTAK:

- ⑥ Me seier nei til konkurranseutsetting og privatisering av grunnleggjande tenester som skule og omsorg.
- ⑥ Me skal auke vedlikehaldsbudsjettet slik at ein kan henta inn att vedlikehaldsetterslepet på kommunale bygg og anlegg.
- ⑥ Me vil arbeide for å realisere fleire gangveggar langs hovudvegen i kommunen.
- ⑥ Me vil setje i verk tiltak for klimaomstilling og miljøsertifisering i tråd med fylkeskommunen sin klimaplan for perioden 2014 – 2030.
- ⑥ Friluftsområda i kommunen må bevarast og vere godt tilgjengelege.
- ⑥ Kommunen skal vera ei aktiv lærebedrift med lærlingar innan mange fagfelt.
- ⑥ Kommunen skal gjennom sine innkjøp prioritera aktive lærebedrifter ved tildeling av oppdrag.
- ⑥ Bedrifter som får kommunale oppdrag må ha eigne faste tilsette som også er sikra tariffør mellom oppdrag. Det skal stillast krav om at det vert nytta fagarbeidarar eller personar med dokumentert fagopplæring i alle relevante fag.
- ⑥ Kommunen skal aktivt motarbeida svart økonomi og arbeidslivskriminalitet i tråd med strategien utarbeida av KS, NHO, Skatteetaten, Unio, YS og LO.
- ⑥ Heile stillingar skal vera hovudregelen i vår kommune. Kommunalt tilsette skal få tilbod om heiltdsstillingar om dei ynskjer det.

Alle skal med!

PER LERØY ANN KRISTIN LEIRVÅG

Hardy Pedersen
Solveig Folkvord Kaland
Idar Hopland
Monica Thorpe
Kristian Semmingsen
Lerøy
Britt Skålevik Lerøy
Mamadee Kabba
Hege Træland
Knut Torkilsen Horvei

Anette Kaland
Oddmund Vikene
Ann Kristin Sæle Rosendal
Reidar Ulvøy
Tove Sætre
Ann Marholm
Håkon Budal
Roald Lerøy
Gerd Solheim
Knut Owe Larsen
Lendy Stormark
Mona Myrmel Leikvoll